

# DÅ FJELLET BLEI OPPDAGA

MED JOHANNES FLINTOE PÅ EI MÅLANDE REISE TIL VESTLANDET I ROMANTIKKENS TIDSALDER



Lærarrettleiing



STATENS KARTVERK

**NASJONALMUSEET  
FOR KUNST, ARKITEKTUR  
OG DESIGN**

## **BAKGRUNN:**

1. Om skuleutstillinga
2. Fjellmotivet i norsk kultur og nasjonsbygging
3. Kunstnarar og forskarar på reise i fjellheimen
4. Johannes Flintoe som landskapsmålar
5. Prospektmåleri og gouacheteknikk
6. Kosmorama-utstillingane

## **UTDJUPANDE STOFF OM BILETA I TITTESKAPA:**

1. Kleivstua
2. Vøringsfossen
3. Ytre Kroken
4. Tverrbreen i Jostedalen
5. Seterliv under Skagastølstindane

## **TIL ELEVANE:**

1. Kart og tekstar på titteskapa og spørsmål til dei enkelte bileta
2. Finn stadene som kunstnarane teikna og måla

## **TIL INSPIRASJON I UNDERVISNINGA:**

1. Fjelldikt og songar
2. Fleire fjellbilete
3. Litteratur til vidare lesing  
Fotoreferansar

## 1. Om skuleutstillinga

Utstillinga tek utgangspunkt i nokre av dei bileta som landskapsmålar Johannes Flintoe laga under og etter dei strevsame reisene sine mellom Austlandet og Vestlandet for snart 200 år sidan. Trass i dei elendige vegane, dårleg mat, ustabilt vêr og mangelfulle kart drog han saman med andre kunstnarar og forskarar for å kartleggje den ukjende fjellheimen. Som ein av dei første viste han kva slags motivskatt som skjulte seg i den naturen som tidlegare vart betrakta som utilgjengeleg og skremmande: høge fjell, bratte skrentar, skummande fossar og mektige isbrear.

Vi har valt fem ulike motiv og laga reproduksjonar av dei til bruk i undervisninga. Dei er monterte slik det var vanleg på Flintoes tid, i eit mørkt titteskap med linser i den eine enden og eit godt belyst bilete i den andre enden. Dette blir gjerne kalla for eit kosmorama. Når vi ser på biletet gjennom linsa, får vi ei kjensle av å sjå gjennom ein kikkert og ut i eit faktisk landskap med riktig perspektiv, fargar og lys. Sjølv i dagens digitale bileterverd er dette ei morosam og interessant oppleving. Ho gir dessutan elevane gode høve til å arbeide med kunstnariske tema som landskaps- og prospektmåleri, romantikk og realisme, biletanalyse og komposisjon, fargebruk og perspektiv.

Dei fem motiva er knytte til ei bestemt reise kunstnaren gjorde sommar og haust i 1822. Då drog Flintoe saman med gode kunstnarkollegaer og vitskapsmenn over fjellet for å kartleggje og dokumentere den ville og særprega norske naturen. Dei stoppar først ved Krokkeiva langs "Kongeveien" til Bergen, deretter møter vi dei ved Vøringsfossen i Måbødalen, før turen endar i indre Sogn med Ytre Kroken, Jostedalsbreen og Skagastølstindane.

Ved å delta på denne reisa lærer elevane om norsk kunst og kultur i kjølvatnet av 1814, om samferdsel, fossar, brear og fjell – den gong som i dag. Dei blir kjende med naturområde og attraksjonar som var viktige i nasjonsbygginga den tida og i den seinare turistindustrien. Til utstillinga følgjer det òg med gamle og nye kart som gir elevane høve til å lære kartbruk og om kartproduksjon. Kva har endra seg sidan dei første karta over fjellheimen blei laga midt på 1800-talet?

Til utstillinga følgjer denne rettleiinga for lærarar, med utdjupande kunnskapsstoff, spørsmål og oppgåver knytte til ulike skulefag som kunst og handverk, historie, samfunnskunnskap, geografi, norsk og musikk.

## 2. Fjellmotivet i norsk kultur og nasjonsbygging

*Nu er jeg stålsatt, jeg følger det bud  
 Der lyder i høyden å vandre!  
 Mitt lavlands liv har jeg levet ut;  
 Her oppe på vidden er frihet og Gud,  
 Der nede famler de andre.*

Frå Henrik Ibsens dikt "På viddene"

Den norske fjellheimen har stått sentralt, ikkje berre i naturen vår, men også i kulturen og i den nasjonale identiteten vår gjennom nesten 200 år. Vi har ikkje berre brukt fjellet som næringsgrunnlag og rekreasjonsområde, men fjellet har også hatt mykje å seie for forståinga av kva som er typisk norsk: Vi er ei hardbarka og nøysam folkeferd i eit land med mykje fjell og stein. Kulturelt har dette også kome til uttrykk på mange måtar, i biletkunst, diktning og musikk. Målarar har henta motiv og inspirasjon i fjellnaturen på Aust- og Vestlandet. Komponistar har

skapt mange verk med direkte inspirasjon frå fjellnaturen og folkemusikk knytt til livet og landskapet på fjellet. I litteraturen finn vi mange verk som på ulike måtar tematiserer fjell og fjellvandring.

I romanar og dikt knyter ein sterke opplevingar av natur til fjellet – både som fysisk realitet og som symbol. I diktet “På vidderne” byggjer Ibsen på denne tradisjonen. Her er kontrasten mellom det prosaiske låglandslivet og det frie livet på fjellet knytt til ulike mennesketypar og livssyn. I eventyrtradisjonen bur fantasivesen som troll, nissar og dvergar i fjellheimen. I Ibsens Peer Gynt møter Peer trolle i Dovregubbens hall, som ligg langt inne i fjelldjupet. Det same gjeld dei underjordiske maktene i framsyninga om Blåfjell.

I politikk og religion har fjellet vore knytt til førestellingar om fridom, identitet, heilagdom og skjønnheit. I mytar og legender blir det gjerne fortalt om heilage fjell der profetane har møtt det guddommelege, som Moses på Sinai og Muhammed i hola på fjellet Hira. Formuleringa “Enig og tro til Dovre faller”, som eidsvollsmennene brukte i 1814, er òg eit uttrykk for den symbolske krafta i fjellet. Noko av dette rike materialet er det vist til i litteraturlista til slutt. Også på Internett er det mykje informasjon å hente.

### **3. Kunstnarar og forskarar på reise i fjellheimen**

Etter 1814 voks det i Noreg fram eit nasjonalt medvit og nye kunst- og kulturinstitusjonar som universitet, museum og kunstskular – først og fremst i hovudstaden Kristiania. Her gjekk den vitskapelege og kunstnariske oppdaginga av landet hand i hand. Ikkje minst var utforskinga av dei store og ganske ukjende fjellområda i Sør-Noreg viktig. Geologar, botanikarar og kartografar på feltarbeid laga teikningar av det dei såg og oppdaga på dei strabasjose reisene sine i fjellet. Kunstnarar dokumenterte den storslåtte naturen. Forskarar og kunstnarar utveksla sidan teikningar og kopierte kvarandre. Dette materialet, frå det som kan kallast pionertida i norsk forskning og kunst, har både ei estetisk og ei kultur- og vitskapshistorisk side. Det kan fortelje om naturvitskapleg og kunstnarisk nysgjerrigheit, og om framveksten av organisert samferdsel over fjellområda og ein gryande turisme. På slutten av 1800-talet følgde mange utanlandske turistar i fot- og hjulspora til kunstnarane og forskarane.

Så tidleg som i 1819 drog ein dansk kunstnar, Johannes Flintoe, rundt i Sør-Noreg og viste yngre generasjonar kva slags motivskatt som finst i fjell, fossar og isbrear. Han var busett i Noreg frå 1811, og var lærar ved Tegneskolen i Kristiania i 30 år. Den første studieturen hans over til Vestlandet gjorde han i 1819. I 1821 var han i Telemark for å sjå Gaustatoppen og Rjukanfossen. Studiereisa i 1822, då han nedteikna motiva til bileta på denne utstillinga, var den han hadde mest utbytte av. Då drog han opp Hallingdal til Ustaoset, over Hardangervidda og ned den farefulle Måbødalen til Hardangerfjorden, og derfrå til Voss og Sogn. Utpå hausten gjekk heimreisa via Filefjell og Valdres, langs “Kongeveien” mellom Bergen og Kristiania, sjølve hovudfartsåra mellom det vestlandske og det austlandske Noreg. Denne reiseruta kan vi følgje på karta i utstillinga. Han tok med seg heim ei rekkje skisser som seinare vart utarbeidde som gouachemåleri til bruk i dei såkalla kosmorama-utstillingane. Bileta i titteskapa på skuleutstillinga er alle baserte på skisser frå turen i 1822.

## 4. Johannes Flintoe som landskapsmålar

Sjølv betrakta Flintoe landskapsbileta sine som lite viktige kunstverk. Formspråket var då også ganske enkelt, konvensjonelt og upretensjøs, med vekt på tydelegheit og omsorg for detaljane. Det mangla heilt den subjektive dramatikken vi ser i måleria til J.C. Dahl og Hans Gude. I det heile hadde Flintoe ganske låge tankar om seg sjølv som kunstnar. Bileta var først og fremst meinte som nøyaktige registreringar og dokumentasjon av faktiske stader. Dei var ledd i eit samanhengande arbeid for å finne fram til det karakteristiske i norsk natur. Stadene han valde å avbilde, var mange og ganske forskjellige, men etter kvart fann dei plass i eit fast repertoar av bestemte motiv og utsikter. Dei var ikkje tilfeldig valde. Det var det typisk norske han søkte – i skog, fjell, bre og fjord. I periodar arbeidde Flintoe også som dekorasjons- og teatermålar for å overleve. Den viktigaste romdekorasjonen hans finst i det såkalla “Fugleværelset” på Det Kongelige Slottet (1840–43). Her måla han med oljemåling på både vegger og tak. Dekorasjonen er komponert som om vi stod i ei open hagestove og såg utover naturen i alle retningar. Ei samanhengande framstilling av utvalde norske landskap er måla langs veggene. Mange av motiva kjenner vi igjen frå skisser og gouachemåleri.

Sjølv om Flintoe ikkje blei ein berømt kunstnar, hadde han mykje å seie som pedagog og inspirator for ei rekkje norske målarar. Vi må tenkje oss at Flintoes bilete vart studerte og kommenterte av kunstnarar som var lystne på ein fjelltur, og som nytta seg av han som ein slags turoperatør. Kvar var det best å reise, og kva var verdt å sjå? Sidan følgde meir berømte kunstnarar reiserutene hans og skapte sine storslåtte, romantiske panorama over norske fjell og dalar. Saman har dei hatt mykje å seie for biletgjeringa av Noreg, slik vi blant anna kjenner henne frå postkort og turistbrosjyrar i seinare tid.

## 5. Prospektmåleri og gouacheteknikk

Prospektmåleri er namnet på ein type landskapskunst der formålet var å gi ei mest muleg sakleg og nøyaktig attgiving av eitt bestemt landskap, ein by eller ein eigedom. Ofte gir kunstnaren oss eit vidt utsyn frå eit høgt utsiktspunkt. Lyset er som regel jamt fordelt over motivet. Det let alle detaljane i biletet kome like klart fram. Ikkje sjeldan har kunstnaren valt eit fugleperspektiv, eit trekk prospektmåleriet har til felles med karta i samtida. Mange prospektmålarar var samtidig kartteiknarar. Denne sjangeren var populær fram til midten av 1800-talet. Då overtok etter kvart fotografiet den dokumentariske funksjonen.

Prospektmåleriet hadde lågare status enn det klassiske landskapsmåleriet. Ofte vart det utført som reine handverksprodukt av personar utan akademisk kunstutdanning. Det blei betrakta som rein kopiering av verkelegheita, utan noka form for kunstnarisk idealisering, dramatisering eller idyllisering. Den høgt verdsette landskapskunsten, derimot, vart i større grad sett på som estetisk verdifull og allment interessant. Han var meir personleg fortolkande og heva seg over det topografisk korrekte.

På grunn av enkle og ganske fattige kulturelle forhold i Noreg var det prospektmåleriet som lenge dominerte landskapskunsten. I dei første tiåra av 1800-talet, då ein sjølvstendig norsk måleritradisjon blei etablert, var det denne forma for målarkunst som danna grunnlaget. J.C. Dahl, som ofte blir rekna som den norske målarkunstens far, var opphavleg prospektmålar i Bergen før han studerte ved kunstakademiet i København. Johannes Flintoe verka òg som prospektmålar i utgangspunktet. På dei mange reisene sine i Noreg ønskte han å

avbilde bestemte stader som var særleg minneverdige, vakre eller storslåtte. Bileta i tittetekassene er reproduksjonar av såkalla gouachar, ein måleteknikk som Flintoe både føretrekte og beherska. Det er ei form for vassfargemåleri der laga med måling dekkjer kvarandre og ikkje flyt saman som i ein akvarell. Slike fargar blir gjerne kalla dekkfargar. Ein stryk dei på med pensel som er dyppa i ulike fargar, tynna ut i vatn. Fargane blir måla på botnmaterialet, gjerne papir eller papp. Dei tørkar fort og gir ei matt overflate med få spor etter penselstrøka. Nye lag som dekkjer dei eldre, kan leggjast på når underlaget har tørka. Sidan gouache er ei dekkjande form for måling, kan ein påføre lyse fargar over mørke, gjerne med bruk av kvitt i dei lysaste områda. Fordi denne teknikken gav ei jamn, matt og sterkt lysreflekterande overflate med mange detaljar, eigna han seg spesielt godt til Flintoes formål. Han gav ein strålende verknad når bileta vart kunstig belyste i kosmoramaet.

## 6. Kosmorama-utstillingane

I 1830-åra var kosmoramaet ei populær utstillingsform i Noreg. Då Johannes Flintoe i 1833 for første gong viste fram bileta sine, blei følgjande skrive om denne typen utstilling:

*Cosmorama er en populær Anvendelse av Kunsten, der, skjønt Opfindelsen er af ringe Oprindelse, og skyldes de almindelige Perspektivkasser, dog ved rigtig Behandling kan gives en høi Grad af Fuldkommenhed. Ved at isolere Tilskueren fra al Sammenligning med virkelige Gjenstande, og ved at stille ham i det eneste rigtige perspektiviske Standpunct, som i intet Malerie, uden Skade for Illusionen, lader sig forrykke, kan Tilskueren ved Hjælp af en nogenlunde virksom Indbildningskraft temmelig nøie sættes ind i de Forhold, som fremstilles, saa at han, uden at forlade Stedet, saa at sige, kan gjøre Reiser i sine Tanker.*

Arrangørane, ofte kunstnarane sjølve, leigde seg gjerne eit sentralt plassert lokale i hovudgata i Kristiania den tida; Rådhusgaten. Ein kom inn i eit mørkt rom og betrakta dei opplyste bileta, monterte bak lettvegger, gjennom kikkhol med innsette linser eller "sjå-glas". Desse forstørra motiva og gav bileta ein meir realistisk verknad. For ytterlegare effekt kunne ein plassere utkleddede dokker framfor bileta. Det var vanleg å vise åtte bilete i utstillinga, men med stadige utskiftingar. Det gjaldt å halde publikums interesse ved like. Oversikta over dei utstilte bileta blei offentleggjort i aviser i byen. Entreen var gjerne 24 skilling. Bileta var ikkje til sals fordi dei skulle brukast om att. Inntekta kom frå inngangspengane, og folk strøymde til. Ein kunne sjå ei rekkje forskjellige motivtypar. Sjølv om landskapsprospekt var det vanlegaste, kunne publikum også sjå framstillingar av berømte slag, antikke ruinar, scener frå eksotiske stader og bilete av moderne ingeniørkunst. Både oljemåleri, akvarellar, gouachar og handkolorerte trykk kunne nyttast. Flintoe føretrekte å stille ut norske landskap, og han utførte dei alltid i gouacheteknikk.




Fotos fra utstillingen *Oppdagelsen av fjellet*, Nasjonalmuseet, våren 2008  
Sal 10 i Nasjonalgalleriet  
Rekonstruksjon av Flintoes kosmorama-utstilling, Nasjonalgalleriet



Fra utstillingen *Oppdagelsen av fjellet*, tittehull i kosmorama-utstillingen *Titteskap* i skoleutstillingen *Da fjellet ble oppdaget*, 2009





Johannes Flintoe sin reiserute 1822. 1: Kleivstua, 2: Vøringfossen, 3: Ytre Kroken, 4: Tverbreen/Jostedal, 5: Skagastølindene



Portrett av Johannes Flintoe  
Vilhelm Marstrand, tegning ca. 1835



Portrett av Gerhard Munthe  
Ukjent kunstner, Munthehuset



*Elveflom med Drivtømmer over Veien.*

*Nº 16.*

*F. Hallingdal 1819.*

## Bilete 1: Johannes Flintoe, *Kleivstua*, 1834

Kleivstua var ein gammal gjestgivar- og overnattingsstad på toppen av Krokkleiva (372 moh.) på vegen gjennom Krokskogen mellom Oslo og Ringerike. Huset blei bygd som skysstasjon og serveringsstad for reisande langs den første strekninga på stamvegen frå hovudstaden vestover til Bergen. Her bytte dei reisande gjerne hest. Den såkalla Bergenske kongevei blei bygd gjennom Bærumsmarka, over Krokskogen fram til Kleivstua og ned Krokkleiva i 1805. Kongeveg var opphavleg namnet på dei første kjørevegane mellom landsdelane i Noreg. I utgangspunktet var det kongen som hadde ansvaret for dei, slik at embetsmennene og soldatane hans kunne kome raskt fram med hest og vogn.

Like ved Kleivstua finn vi den såkalla Kongens utsikt, ein stad med ei vid utsikt over Tyrifjorden og Ringerike. I ei turisthandbok frå 1875 blir utsikta skildra på følgjande måte: "Når du kommer til toppen av Krokkleiva får du et utsyn så flott og variert som intet annet sted i Sør-Norge. Språket er for fattig til å beskrive et slikt syn. I det fjerne anes Gaustatoppen, Norefjell og andre snøfjell." I 1860 vart den nye vegen frå Sandvika over Sollihøgda opna, og den gamle strekninga over Krokskogen vart etter kvart ein rein turist- og turveg for spesielt interesserte. Slik gjekk det med dei gamle kongevegane når dei ikkje lenger kunne tilfredsstille moderne krav til vegstandard og framkomstillhøve.

På biletet til Flintoe i titteskapet ser vi den gamle skysstasjonen til høgre på toppen av Krokkleiva, som forsvinn ned i skogen til venstre. Det er svært detaljrikt og måla med spiss pensel i dei viktigaste partia. I forgrunnen har kunstnaren plassert ei gruppe velkledd og truleg slitne menn som nettopp har gått opp den bratte kjørevegen til fots. Dei blir møtte av eit elegant par som sikkert har venta dei utpå kvelden. På vegen ser vi to hestekjøretøy. Først kjem ein såkalla karjol, ei lett og elegant tohjula vogn som var det mest brukte transportmiddel på hovudvegane den tida. Legg merke til guten som har fått lov til å sitje bakpå opp den bratte bakken. Han er kledd som dei andre, i livkjole og flosshatt. På veg opp den siste bakken ser vi eit mindre elegant kjøretøy som fraktar bagasjen til følgjet. Ein bunadkledd bonde går ved sida av og held hesten i taumane. Den er tydelegvis også sliten, for det kjem damp ut av naseborene. Det er ein vakker kveld, med blå himmel og solnedgang over den disige fjellheimen i det fjerne. Ei hushjelp står på grasbakken framfor hovudhuset og speidar utover. Ho skal minne oss om den flotte utsikta staden har over vatn, fjell og skog. Flintoe har vore nøye med å skape eit truverdig perspektiv i biletet. Figurane blir gradvis mindre, fargane kaldare og detaljane mindre skarpe innover i biletrommet. Han har òg tydeleg markert den skrå retninga på vegen og steingjerdet, som slyngjer seg oppover i det bratte terrenget.

Mange diktarar og målarar har skildra den bratte og farlege Krokkleiva – "Klevens svimlende portal" som Henrik Wergeland skildrar i diktet "Dalvise". Den blei ynda av turistar og forbanna av bønder og tømmerkjørarar. For reisande vestover var dette det første møtet med det kuperte norske landskapet som sette utstyr og tolmod på mange prøvar. I 1830 stilte den berømte norske målarar Thomas Fearnley ut eit bilete av Krokkleiva og utsikta derifrå. Ei skisse til dette biletet, truleg frå 1825, har vi montert på sida av titteskapet. Biletet viser den tronge kløfta mellom fjellsida og utsynet mot Tyrifjorden og Ringerike. I forgrunnen har han måla ein kunstnar som lagar ei skisse av den berømte utsikta. Det andre biletet i titteskapet viser ei blyantteikning av Flintoe frå ei av dei mange reisene hans i Noreg. Scena viser ein dramatisk kollisjon mellom to hestekjøretøy. Teikninga vart nytta i heftet "Scener af Reiselivet i Norge", eit verk som i bilete og tekst på ein humoristisk måte skildrar nokre av utfordringane på vegane den gongen.



Johannes Flintoe, *Kleivstua*, 1834, gouache  
Foto av Kleivstua i dag (2008)

## Bilete 2: Johannes Flintoe, *Vøringsfossen*, 1826


Vøringsfossen er i dag Noregs mest kjende foss og Noregs tredje største turistmål. Men fram til 1821 var fossen så godt som ukjend for andre enn nokre få lokalkjende bønder. Dei første oppdagingsreisande som passerte området, var vitskapsmenn og kunstnarar på veg over vidda til Hardanger. Mange skreiv spennande skildringar av desse reisene. I dag er fossen lagd i røyrløp, men “blir skrudd på” for turistane om sommaren, men med ei avgrensa vassføring.

Den som først skildra fossen i full utfalding, var naturvitskapsmannen Christopher Hansteen. Han reiste over Hardangervidda sommaren 1821 for å gjere astronomiske observasjonar. Den gongen var det ingen god kjøreveg over fjellet, og han måtte følgje dei gamle slepene med kløvhest og til fots. Etter å ha overnatta på Maurset gjekk turen vidare ned til Eidfjord. Han stoppa fleire gonger undervegs for å sjå på fossefall. Men dei to lokale kjentmennene hans som bar utstyret, ville vise han ein skikkeleg foss som dei trudde var over 1000 meter høg. Det meinte Hansteen var umuleg, og han ville gjerne sjå denne fossen med egne auge. Men høgda var nok sterkt overdriven, sjølv om fossen var den flottaste han hadde sett hittil. Han målte fallhøgda til 933 fot (280 meter) ved å kaste ein stein utfor kanten og ta tida med lommeuret sitt. Seinare målingar viste at fossen nok var noko lågare, nemleg 182 meter. Det mest fantastiske var likevel den bråe overgangen mellom det flate fjellplatået og dei stupbratte fjellsidene i Måbødalen. Vel heime skreiv Hansteen ei begeistra skildring av denne sterke naturopplevinga, og Vøringsfossen blei etter kvart eit av dei reisemåla turistane ville oppsøkje. I boka han kalla “Til fots til Bergen, 1821” kan vi lese følgjande:

*... vi kom fra et kratt plutselig ut på kanten av en lodrett kløft i fjellet som syntes så smal at jeg trodde med et stenkast å kunne nå den motsatte enda høyere fjellvegg. To aldeles lodrette fjellvegger inneslutter en slags snever dal hvis dypde er så stor at alle gjenstander på bunnen har et blåaktig skjær. I førstningen hadde jeg ikke våget meg hen til brinken for å se ned uten å klamre meg fast til en stor løs sten av et par manns høyde ... Det øvrige gjennomrystende ved denne scene vil jeg ikke vanhellige ved kraftløse beskrivelser. Naturen er ofte for stor for våre svake ord ... Reis selv hen og sku! Det er alt jeg har å si.*

Alt året etter tok Flintoe Hansteen på ordet. Inspirert av skildringa hans oppsøkte han denne mektige fossen på reisa si til Vestlandet. Hansteen såg fossen ovanfrå, men anbefalte seinare oppdagingsreisande å ta seg inn dalen under fossen for å sjå han nedanfrå. Med stort strev følgde Flintoe dette rådet. Gjennom skisser og seinare måla versjonar viste han fossen i majestetisk utfalding frå den mest imponerende synsvinkelen. For dansken Flintoe var norske fossar både eit viktig og typisk norsk motiv. Han hadde sett og teikna mange norske fossar tidlegare, men ingen i så mektige omgivnader som Vøringsfossen.

I kosmoramaet viser han ei svært realistisk framstilling av fossen, med vekt på riktig perspektiv, lys, atmosfære og mange detaljar. Det er typisk for dei såkalla landskapsprospekta. Samtidig formidlar han opplevinga av dei enorme kreftene til fossen, dei høge falla, dei bratte skrentane og den rykande dampen. Det er nesten så vi høyrer den buldrande lyden! Den peikande personen i bunad nede til høgre og elva som går i sikksakk, fører auget inn i biletet. Lysverknadene er òg effektfullt utnytta: Eit varmt og disig ettermiddagslys som treffer toppen av dei gråblå fjellskrentane og lyser opp den skummande fossen. Han har også understreka kontrasten mellom det ville og det temte i naturen i møtet mellom dei taggete, mørke steinblokkene og det skinande sølvbandet i elva Bjoreia i forgrunnen.



Johannes Flintoe, Vøringsfossen, 1826, gouache  
Foto av Vøringsfossen i dag (postkort, Normanns kunstforlag)

### Bilete 3: Johannes Flintoe, *Ytre Kroken*, 1820

*Ytre-Kroken, er et av Norges eldste Herreseter. Stedet har en malerisk beliggenhet på østsiden av Lusterfjorden, en arm av Sognefjorden ... Godset tilhører nå kaptein Munthe, som er kjent for sin dype innsikt i og granskning av fedrelandets eldre historie og geografi. I utlandet er han nok enda mer kjent for sin nordiske gjestfrihet og forekommenhet. Mange fremmede kunstnere har søkt hit på grunn av stedets rike og storartede natur, men også for å bli mottatt i kaptein Munthes hyggelige hus.*

Frå "Norge Fremstillet i Tegninger", 1846–48

Slik får vi presentert staden som Flintoe og reisefølgjet hans skulle besøkje på Vestlandet. Godset Ytre Kroken låg vakkert til, med utsikt over det karakteristiske landskapet inst i Sognefjorden og snøfjella i det fjerne. Her låg motiva tett: imponerende fjelltoppar, djupe fjordar, høge fossar og mektige isbrear. Garden var Gerhard Munthes barndomsheim, og foreldra hans budde her framleis. Dei var eit kulturinteressert og gjestfritt vertskap. Her kunne dei reisande kvile ut, lese, skrive, måle og diskutere. Etter at Gerhard Munthe flytte frå hovudstaden og busette seg fast på Ytre Kroken i 1841, blei huset eit sentrum for landskapsmålarar på vestlandsreise. Hit kom ikkje berre norske, men også svenske, danske og tyske kunstnarar.

Det største problemet var den lange og strabasiøse reisa til Ytre Kroken. På denne tida var fjorden vegen, og gjester måtte bruke båt for å kome fram. Frå Aurlandsvangen vart følgjet rodd ut Aurlandsfjorden og inn Lustrafjorden. På ei teikning etter Flintoe ser vi robåten med følgjet på veg inn til Ytre Kroken. Framfor dei ligg nokre sjøbuer nede ved vatnet. Litt lenger oppe i lia kan vi skimte hovudhuset med uthusa til høgre.

Biletet av Ytre Kroken i titteskapet har eit litt anna perspektiv og formål. Flintoe har funne eit høgt utsiktspunkt for å få mest muleg med på biletet som kan karakterisere eigedommen og dei flotte omgivnadene. Ved hjelp av lysføringa og alle skrålina i det kuperte landskapet blir auget ført innover mot gardsanlegget. Det består av eit kvitmåla hovudhus i empirestil, typisk for embetsmannsgardar på Vestlandet. Det er utvendig kledd med liggjande panel, tak med raud takstein og småruta vindauge. Fasaden er symmetrisk med gavl, inngang og hovudtrapp i midten. Bak Ytre Kroken ser vi andre gardar i lia opp mot det karakteristiske fjellet Rivenosi. I bakgrunnen skimtar vi fjella på den andre sida av fjorden. I forgrunnen har kunstnaren ønskt å vise den frodige vegetasjonen. Kwart grasstrå og blad er omhyggeleg måla. For å vise menneskeleg aktivitet og antyde størrelsesforholda i biletet har han plassert to menn som prøver å riste frukt eller nøtter ned frå trea i den tette skogen.



Johannes Flintoe, *Fra Ytre Kroken i Sogn*, 1820, gouache  
Foto av Ytre Kroken i dag (2008)



## Bilete 4: Johannes Flintoe, *Tverrbreen i Jostedalen*, 1826

Tverrbreen er ein sørleg brearm av Jostedalsbreen, Europas største isbre på fastlandet. Tidleg på 1800-talet var dette ein av dei mest interessante og lettast tilgjengelege breane for dei som ville beundre, studere og avbilde “de frykteligste ismasser”, først og fremst vitenskapsmenn og kunstnarar. Mot slutten av hundreåret kom turistane etter. Johannes Flintoe var ein av dei første kunstnarane som viste interesse for Jostedalsbreen som motiv. I august 1822 drog han opp Jostedalen til Krundalen for å teikne brelandskapet der. Som mange kunstnarar på denne tida var han ikkje berre oppteken av motivet, men også av naturfenomenet. Denne naturvitenskaplege interessa kjem tydeleg fram i hans eiga skildring av biletet som kjem til syne i kosmoramaet:

*Tverrbreen tett ved Bersetbreen. Denne lille brearm ble dannet av den store Jostedalsbre for 90 år siden. Den brøt ned gjennom Tufteskaret og over på gården Bersets marker like til elven. Senere er den gått tilbake et stykke fra våen. Vå kalles den steinrøysen som breene skyver foran seg. Denne breen er sett fra dens nederste kant. Man kan der danne seg et bilde av hvordan isen nede tiner opp på grunn av jordvarmen, danner huler og hvelvinger, som til slutt styrter sammen. Breens nederste kant blir gradvis tynnere, oppløses og går etter hvert tilbake. Høyere oppe skapes de mest forunderlige former.*

På Flintoes tid begynte ein å forstå korleis brear blir til, kjem i bevegelse og trekkjer seg tilbake. Brear blir danna fordi sommarvarmen ikkje klarer å tine all snøen. Etter kvart blir snøen til is som på grunn av trykket begynner å sige nedover fjellsida. Når breen kjem ned i dalen, stig temperaturen, og smeltinga aukar. Ved brekanten er det balanse mellom isen som breen fører fram, og det som smeltar. Ein ubalanse fører til at breen enten går fram eller trekkjer seg tilbake. Sjølv Jostedalsbreen og dei mange brearmene har endra seg mykje sidan 1700-talet. I ein lang periode voks han, slik at både utmark og hus forsvann under ismassane. Seinare har han trekt seg attende – ikkje minst på 1900-talet. Tjukkleiken på breen er svært varierende, i gjennomsnitt er han 150–250 meter. I dei siste ti åra har brearmene faktisk vakse på grunn av mykje nedbør.

Den fargelagde blyantskissa på sida av titteskapet viser nedste randa av Tverrbreen. Kunstnaren har gått tett på motivet for å få med seg detaljar som tårn, isveggar, sprekkar og holer. Framfor breen ser vi steinmassen som breen skyv framfor seg på veg nedover. For å markere storleikstilhøva har Flintoe plassert ein nesten usynleg person framfor hola i midten. På bakgrunn av denne skissa måla han fire år seinare biletet som ein ser i titteskapet. Han har lagt til fleire detaljar i forgrunnen, samtidig som fargelegginga er meir omhyggeleg. Alle spor etter bruk av blyant er også fjerna. Scena har fått ei samanhengande og truverdig lysføring. Blåfargane er vortne meir nyanserte, og dei fire menneska som betrakter breen, er karakteriserte gjennom utsjånad og påkledning. Den bunadklede mannen til høgre tilhører lokalbefolkninga og har tydelegvis fungert som kjentmann. Personen med frakk og raudt skjerf kan vere Flintoe sjølv. Ein turdeltakar har våga seg heilt bort til brehola i det visuelle sentrumet av biletet.

Slike figurar som gjerne blir sette inn i forgrunnen av landskapet, blir kalla staffasje. Dei spelar ei underordna, men nødvendig rolle i bileta. Dei kan fortelje noko om menneska som oppheldt seg i landskapet, understreke stemninga og fungere som perspektiviske element. Typiske staffasjefigurar i norsk landskapsmåleri på 1800-talet var menneske, tregrupper, steinblokker, hus, gravhaugar og andre historiske monument. Kunstnaren henta slike figurar frå ulike skisser og plasserte dei der dei kunne passe i måleriet.



Johannes Flintoe, *Tverrbreen i Jostedal*, 1826, gouache  
Foto av Tverrbreen i dag (2007)

## Bilete 5: Johannes Flintoe, *Seterliv under Skagastølstindane, 1833*

Hausten 1822 drog Flintoe opp Fortundalen til Turtagrø for å sjå Hurrungane, kanskje det villaste og det mest imponerande fjellområdet i Jotunheimen. Følgjet reid innover Fortundalen og opp til Skagastølen. Her fekk Flintoe laga ei skisse av Skagastølstindane i godt vêr, som han sidan nytta med litt ulik forgrunnsstaffasje i to måla bilete.

Til å skildre miljøet på stølen brukte han ulike skisser av bønder og stølsbusetjing som han hadde tenkt å bruke i eit bileterverk om støsliv i Noreg. Vi ser bønder og budeier i arbeid på stølen, men biletet viser også fritidsaktivitetar som folkemusikk, folkedans og brytekamp. For dei kultiverte byfolka i den tida var støslivet om sommaren omgitt av ein eigen romantisk og idyllisk glans. Det kom særleg til uttrykk i diktinga, musikken og biletkunsten i perioden. I teksten "Til Sæters!" skriv P.Chr. Asbjørnsen i "Norge fremstillet i tegninger" (1853/55):

*Når seterreisen tiltredes er det som en fest for folk og fe. På Seteren går den ene dag som den andre med å lokke på buskapen, drive den om i lien og på den vide hei, med å kjerne smør og yste ost, plukke bær og blomster. Den eneste avbrytelsen i ens-formigheten, som danner epoke, er når det kommer folk fra bygda. Når gårdsarbeidet er utført i bygda, inntreffer først de rette, store Seterfester. Da kommer mennene og karene opp for å slå vollene og fjellslettene, for å se til hestene og fiske i vannene. Da er det at fjelldansene holdes ... Det idylliske og poetiske i Seterlivet ligger i menneskenes, man kunne gjerne si søsterlige forhold til og omsorg for dyrene, i hornets og lurens, i lokkingens gripende naturtoner, kort i det inderlige samlivet med naturen.*

Biletet i titteskaptet er tradisjonelt bygd opp med ein forgrunn, mellomgrunn og bakgrunn i ulike horisontale felt: Ein delvis mørklagd forgrunn med ein stølsvoll og bønder i fest og arbeid, ein fjernare, grøn mellomgrunn med kvite snøflekker, og til slutt Skagastølstindane. Dei stig opp i det karrige landskapet mot den blå himmelen. Kunstnaren har brukt ei rekkje perspektiviske verkemiddel for å skape avstand. Hus og figurar blir mindre innover i biletet, fargane blir bleikare og kaldare jo lenger inn i biletrommet vi kjem. Bruken av diagonallinjer i forgrunnen er òg med på å skape ei kjensle av djupn. I "Norge fremstillet i tegninger" blir Hurrungane med Skagastølstindane skildra på følgjande måte:

*Forferdelige, sønderrevne, steile Klippetinder, hvor snøen aldri blir liggende, stritter de opp av de vide, uendelige is- og snømarker. Deres sorte og mørke grå farger stikker besynderlig av mot det blendende hvite under dem og det klare himmelblå over. Slik står de som himmelstrebende Jætter.*

Først i 1876 kom engelskmannen Slingsby til topps på Store Skagastølstind, Noregs tredje høgste fjell. Det var den største klatrarbragda i Noreg på 1800-talet.



Johannes Flintoe, *Seterliv under Skagastølstindene*, 1833  
Foto av Skagastølstindene i dag (2007)

## 1. Oppgåver i klassen

1. Kva er eit landskap? Lukk auga og sjå for deg eit landskap. Kva ser du? Kva er med på "biletet", og kva er ikkje med? Korleis er vêret, lyset og fargane? Mål ditt eige landskap.
2. Prøv å finne både gamle og nye landskapsbilete av heimstaden din. Har landskap og busetjing forandra seg i moderne tid? Finn ut korleis dette var tidleg på 1800-talet då Flintoe reiste rundt i Noreg for å måle. Skriv ein stil om korleis det var å reise med hest og vogn over fjellet i gamle dagar. Kvar reiste du? Kva såg du? Korleis hadde du det?
3. Ta ein tur til eit utsiktpunkt på heimstaden din. Teikn eit kart over det området du kan sjå – med fjell, åsar, elvar, vatn, skog, åker, eng, vegar og busetjing. Finn eit kart over nærmiljøet ditt, og sjå kva symbola betyr. Korleis blir høgdeforskjellar markerte i terrenget? Kva betyr dei ulike fargane på kartet? Klassen kan lage ei utstilling av forskjellige typar kart og finne ut kva ein kan bruke kart til. Er det stor forskjell på gamle og nye kart?


## 2. Finn stadene som kunstnarane teikna og måla

<http://mikro.nasjonalmuseet.no/oppdagelsen>

## 3. Kart og tekstar på titteskapa (side 22–36)

# Kleivstua

Gjengiving av Johannes Flintoes gouache fra 1834.



## Første gløtt av fjellheimen

Etter nokre timars reise med hest og vogn frå Kristiania kom Flintoe og følgjet hans til Kleivstua ved Sundvollen. Her gledde dei seg til å overnatte, ete godt og kanskje skifte slitne hestar. Vegen hadde vore god hittil, men no grudde dei seg til den bratte og berykta nedfarten i Krokkleiva. Her fekk dei det første utsynet mot Tyrifjorden og Ringerike med gløtt av Telemarks-fjella i det fjerne. Kva ville ferda på dårlege vegar og stigar over fjellet og Hardangervidda bringe av nye utfordringar? På biletet i titteskapat ser du Kleivstua til høgre og Krokkleiva med litt av den berømte utsikta til venstre. Dette var turistane sitt første møte med Fjell-Noreg på veg vestover.



## Kleivstua – oppgåver

1. Gi ei beskriving av biletet i titteskapet. Kva skjer i framgrunnen? Kva har Flintoe lagt vekt på når det gjeld detaljar og fargar?
2. Sjå på biletet til Thomas Fearnley, "Krokkleiva". Kvifor trur du kunstnarar ville sitje og teikne utsikta frå bakketoppen?
3. Finn reiseruta frå Kristiania på kartet, som er frå Flintoes tid. Kva heiter byen i dag? Kva er forskjellig frå eit moderne kart?
4. Ofte var det vanskeleg å ta seg fram med hest og vogn på dårlege vegar. Sjå på Flintoes teikning "Lei skyss". Kva har skjedd? Lag ei historie om den dramatiske hendinga.
5. Finn stoff om gamle vegar og reisemåtar i Noreg på 1800-talet. Kva er ein kongeveg? Ein karjol? Ein skysstasjon? Ein kløvhest? Bruk gjerne leksikon eller Internett. Finst det gamle vegar der du bur?



Gjengiving av Thomas Fearnleys *Krokkleiva*, 1836





## Då Vøringsfossen blei oppdaga

Etter ein anstrengjande tur til hest og til fots over Hardangervidda ville Flintoe og vennene hans stoppe ved Vøringsfossen på veg ned til Hardangerfjorden. Professor Hansteen oppdaga denne mektige fossen året før og skrev begeistra om opplevinga. Men han ville ikkje gå på den smale, våte og glatte stigen i dalbotnen for å sjå fossen nedanfrå. Flintoe gav seg ikkje så lett. Han ville sjå fossen frå eit lågt og dramatisk utsiktspunkt. På bakgrunn av nokre raske skisser måla han seinare biletet du kan sjå i titteskapet. Her la han vekt på kontrasten mellom den skinande, kvite fossen og dei mørke, bratte skrentane på sida. Det er nesten så vi høyrer bulderet frå fossen og kjenner vassrøyken i ansiktet.




## Vøringsfossen – oppgåver

1. Kan du samanlikne biletet av Vøringsfossen i titteskapet med postkortet: Kva er forskjellen på eit fotografi og eit måleri? Kva ville Flintoe helst avbilede fossen sett frå dalbotnen, trur du?
2. Finn den raskaste vegen mellom Maurset og Øvre Eidfjord på kartet. Omtrent kor langt er det? Kva betyr dei ulike fargane på kartet? Finn Vøringsfossen. Over fossen er det markert tre symbol i kvar sin farga firkant. Kva betyr dei?
3. Finn ut kva for ein foss som er nærmast der du bur. Kor høg er han, og korleis ser han ut? Lag eit bilete eller ta eit foto av han. Kva vil du leggje vekt på i din komposisjon?
4. Drøft konflikten mellom vern og utbygging av norske fossar. Finn argument for og imot.



## Fra Ytre Kroken i Sogn




## Endeleg framme hos venner

Etter ei lang reise over fjell og fjord kom Flintoe og følgjet hans endeleg fram til garden på Ytre Kroken ved Sognefjorden. Her budde dei gjestfrie og kulturinteresserte foreldra til kaptein Gerhard Munthe. Han gledde seg til å vise staden og dei praktfulle omgivnadene til reisekameratane sine. I Munthes hus overnatta mange norske og utanlandske kunstnarar som ville teikne og måle naturen i indre Sogn. Dei inspirerte kvarandre, diskuterte reiseruter og motiv. Mange måla også den herskapelege hovudbygningen og landskapet omkring. Flintoes bilete i titteskapet kan kallast eit prospekt. Det var ofte ein mellomting mellom kart og kunst. Her var meininga å gi eit så detaljert og realistisk bilete som mogleg av hus og landskap. Ofte valde kunstnaren eit høgt synspunkt og lang avstand for å få med så mykje som mogleg av omgivnadene. Som regel er det også godt lys og fint vær på desse bileta.



## Ytre Kroken – spørsmål og oppgaver

1. Sjå nøye på biletet i titteskapet. Kva for detaljar har Flintoe lagt vekt på å få med i landskapet og i bygningane?
2. Gerhard Munthe, som kom frå garden på Ytre Kroken, arbeide lenge med å teikne kart. Den gongen var ein i gang med å lage nye og meir nøyaktige områdekart. Kan du finne garden på kartet? Kva betyr dei ulike fargane og symbola?
3. For å måle eit godt landskapsbilete må ein kunne perspektivreglane. Kva er luftperspektiv og storleiksperspektiv? Korleis er dette brukt i biletet i titteskapet? Korleis endrar fargane seg innover i motivet?



## Tverrbreen (Tuftebreen) i Jostedalen



## Eit møte med den mektige isbreen

Med base i Munthe-huset på Ytre Kroken tok Flintoe mange reiser i Indre Sogn for å finne motiv. Det var ikkje vanskeleg i den storslåtte vestlandsnaturen, med djupe fjordar, høge snøfjell, brusande fossar og store isbrear. Ein gong drog han opp til Jostedalsbrens bre-armar i Krundalen for å teikne skisser. Tuftebreen var, den gong som no, ein av dei mest tilgjengelege og besøkte i området. Hit kom breforskarar for å studere, turistar for å la seg imponere og kunstnarar for å teikne. I ei rask skisse skildra Flintoe møtet med den mektige og aude ismassen. Seinare måla han biletet i titteskapat. Då la han til nokre bitte små menneske i framgrunnen for å understreke kontrasten mellom breen og menneska, mellom det varme og det kalde, mellom liv og død.





## Jostedalsbreen – spørsmål og oppgaver

1. Samanlikn skissa til Flintoe med biletet i titteskapet. Finn forskjellar i teknikk, komposisjon og fargebruk.
2. På biletet i titteskapet ser vi ein mann inne i tunnelen under breen. Kva opplever han dersom han tør å gå inn? Lag ei forteljing eller eit eventyr om besøket i brehola.
3. Som du kan sjå på fotografia, har bre-vandring i dag vorte ein sport for mange. Kva har endra seg sidan Flintoes tid?
4. Finn Jostedalsbreen og Tuftebreen på kartet. Korleis blir ein bre markert?
5. Kva er ein bre, og korleis endrar han seg? Finn stoff på Internett om norske brear og om Jostedalsbreen – den gongen og i dag.




Breføring i Tuftebreen.




Klar for Tuftebreen.

# Skagastølstindene



## På fjelltur til Jotunheimen

Når Flintoe først var inst i Sognefjorden, ville han ta turen opp til Hurrungane, den vestlegaste og villaste delen av Jotunheimen. Å dra til fjells den gongen var ingen spøk. Stigane var bratte, vêret ofte dårleg, karta mangelfulle og utstyret tungt og upraktisk. Lokale kjentmenn følgde han opp Fortundalen til Skagastølen. Her fekk han teikna den imponerande kjeda av bratte fjell som blir kalla Skagastølstindane. Det var enno ingen klatrar som hadde kome seg opp på den høgaste toppen, Storen. Då Flintoe nokre år seinare skulle måle eit bilete av støslivet i Jotunheimen, kombinerte han ulike skisser av fjella og av bønder og dyr på støslivollen. Her framheva han det harmoniske forholdet mellom den storslåtte naturen, husdyra og folka på stølen om sommaren.



## Skagastølstindene – spørsmål og oppgaver

1. Sjå på biletet i titteskapet og fortel kva du ser. Kvar er du? Kven ser du? Kva gjer dei?
2. Samanlikn biletet med Flintoes skisse. Finn likskapar og forskjellar.
3. Fjella i bakgrunnen er dei såkalla Skagastølstindane, den høgaste samanhengande fjellkjeda i Noreg. Kan du finne ut kvar Flintoe har stått og teikna motivet, både på fotografiet og på kartet over området?
4. På denne tida, som gjerne blir kalla den romantiske perioden, snakka ein gjerne om folkekunst, folkedrakt, folkedans og folkemusikk. Kvifor blei dette viktige ord i Noreg etter 1814?



Skagastølstindene fotografert 27. august 1935 fra Klypenosi.

Foto: Statens kartverks fotosamling.

## 1. Fjelldikt og songar

### På fjellet

*Kristofer Janson, fra Norske dikt, 1867*

Hu, hei kor er det vel friskt og lett  
Opp på fjellet, opp på fjellet!  
Her leikar vinden i kåte sprett  
oppå fjellet, oppå fjellet!  
Og foten dansar og augo ler,  
og hjarta kveikjande hugnad fær  
oppå fjellet, oppå fjellet!  
Kom opp! Kom opp frå den dronge dal,  
oppå fjellet, oppå fjellet!  
Her blæs ein blåster så frisk og sval  
oppå fjellet, oppå fjellet!  
Og lii skin utav blomar full,  
og soli drys alt sit fagre gull  
oppå fjellet, oppå fjellet.  
I dalen starvar du tung og heit,  
Kom på fjellet, kom på fjellet!  
Kor fint her er, ikkje nokon veit,  
her på fjellet, her på fjellet!  
Ditt auga flyg over nut og tind,  
det er som flyg det i himlen inn  
opp frå fjellet, opp frå fjellet.  
Og når no soli til kvile gjeng  
attom fjellet, attom fjellet,  
då reier skyggane opp si seng  
attmed fjellet, attmed fjellet,  
då gidrar alt i ein strålestraum,  
og hjarta sveiper seg inn i draum  
oppå fjellet, oppå fjellet!

### På fjeldesti

*Melodi: W. Peterson-Berger*

*Tekst: Bjørnstjerne Bjørnson*

*Fra "En glad gutt", 1860*


Når du skal på fjeldesti,  
og skal nisten snøre,  
legg så ikke mer i  
enn du godt kan føre.  
Dra ei med deg dalens tvang  
i de grønne lier,  
skyll dem i en freidig sang  
ned ad fjellets sider.  
Fugler hilser deg fra gren,  
bygdesnakket viker,  
luften den blir mere ren,  
høyere du stiger.  
Fyll ditt glade bryst og syng,  
og små barneminner  
nikke vil blant busk og lyng  
frem med røde kinner.

### Norges fjelde

*Melodi: Gubben Noah*

*Tekst: Henrik Wergeland, 1842*

Norges bedste  
Værn og Fæste  
Er dets gamle Fjeld.  
Skumle Død sig skjuler  
i dets dype Huler.  
Varden oppe  
paa dets Toppe  
Speider Dag og Qvel.  
Høje klare  
Toner svare  
Fra det gamle Fjeld.  
Folkets glade Løfter  
Klinge fra dets Kløfter.  
O hvor mange  
Tusind Gange  
Sang de Norges Held!



### Dei gamle fjelli

Ivar Aasen, 1875

Dei gamle fjell i syningsom  
er alltid eins å sjå,  
med same gamle bryningom  
Og same toppom på.  
I bygdum byggja sveinarne,  
Og huset stender laust;  
men dei gamle merkesteinarne  
dei standa lika traust.  
På fjellom er det leikande  
å ganga til og frå  
og kring um toppen reikande  
so vidt um land å sjå:  
til havet kring um strenderna  
med skip som fuglar små,  
og til fjelli kring um grenderna  
med tusund takkar blå.  
Det er so mange hendingar  
i bygdum komne til;  
me sjå so mange vendingar  
alt på eit litet bil.  
Dei hava snutt um vollarne  
og flutt og rudt og bygt;  
men dei gode gamle kollarne  
dei standa lika trygt.  
So stod dei gjennom tiderna,  
vel mange tusund år;  
og graset voks um liderna,  
og lauvet kom kvar vår  
og vinden tok um topparne  
og vatnet tok um fot;'  
men dei gilde gamle kropparne  
dei toko traust i mot.  
Av hav kom sjomann sigande  
og lengtad' etter land,  
då såg han fjelli stigande  
og kjendest ved si strand.  
Då kom det mod i gutarne,  
som såg sin fødestad.  
Ja dei gode gamle nutarne  
dei gjera hugen glad.

### Fra Vestland og Østland


Jørgen Moe, 1877

Her hvor de stolte Fjelde  
Med snehvid skinnende Lok  
Rundt om den grønne Fjordbund  
Klemme sig tæt i Flok  
her, hvor bræerne funke  
og bøie den blaagrønne Rand  
dybt ned, for at Birkens Grene  
rigtig kranse den kan;  
hvor den salte grønladne Bølge  
sprøiter og kaster sit Skum  
og væder den blomstrende Tjørnebusk,  
der kryber i revnen krum;  
hvor gennem løvdækte Kløfter  
Fossene drøne ned,  
og spille med Regnbuens Farver –  
et Billed paa Naade og Fred –;  
her er vel fagert at være  
en solklar, tindrende Stund,  
mens Sommeren lægger Toner  
og Ord paa Naturens Mund.

## 2. Flere fjellbilete



Anna Eva Bergman, *Blått fjell*, 1967, maleri  
Theodor Kittelsen, *Der lå Soria Moria slott*, 1890-årene, maleri



Tiril Schröder, *Voldsomme fjellheim*, 2004, dataprint  
Marianne Heske, *Trolltindene*, 1986, videomaleri







Harald Sohlberg, *Vinternatt i fjellene*, 1911, akvarell



Knut Rumohr, *Landskap III*, 1962.



Johannes Flintoe, *Myrhorn i Jostedal*, 1834, gouache



Peder Balke, *Stetind i tåke*, 1864, maleri



Foto av Stetind, Norges nasjonalfjell  
H.M. Dronning Sonja, Balchinfjellet, Svalbard, 2006



Einar Sigstad, *Utsikt II*, 2004, maleri

### 3. Litteratur til videre lesing

- Nils Messel, *Oppdagelsen av fjellet, Utstillingskatalog Nasjonalmuseet 2008*
- Karin Hellandsjø (red.), *Fjellet i norsk kunst. Oppdagelse/formasjon/visjon, Henie Onstad kunstsenter / Labyrinth Press 2008*
- Magne Malmanger, *Norsk malerkunst fra klassisisme til tidlig realisme, Oslo 1981/2000*
- Henning Alsvik, *Johannes Flintoe, Oslo 1940*
- Claus Helberg, *De første vandrere, Oslo 1994*
- Magne Malmanger, "Sett utanfrå". *Oppdagelsen av det norske landskap: Danske kunstnere i Norge 1780–1840. Utstillingskatalog. Baroniet Rosendal, 2001*
- Leif Østbye, *Med kunstnarauge, Norsk natur og folkeliv i biletkunsten, Oslo 1969*
- Arne Engelstad, *På tvers gjennom nasjonalromantikken, Oslo 2001*
- Brit Berggren, *Da kulturen kom til Norge, Oslo 1989*
- Carl W. Schnitler, *Slegten fra 1814: Studier over norsk embedsmandskultur i klassisismens tidsalder 1814–1840, Kristiania 1911*
- A.O. Vinje, *Ferdaminne frå sommaren 1860, Oslo 1975*
- Arne Lie Christensen, *Det norske landskapet. Om landskap og landskapsforståelse i kulturhistorisk perspektiv, Oslo 2002*
- Ivar Lærkesen, Harald Bache-Wiig, Andreas Lombnæs (red.), *Naturhistorier. Naturoppfatning, menneskesyn og poetikk i skandinavisk litteratur, Oslo 1999*
- Erik Mørstad, *Malerileksikon. Teknikker, motivtyper og estetikk, Oslo 1996*
- Landskapsmaleri
  - Prospekt
  - Friluftsmaleri
  - Stemningslandskap
  - Perspektiv
  - Kosmorama/diorama
  - Komposisjon
  - Akvarell
  - Gouache
  - Luftperspektiv
  - linjeperspektiv

#### Foto

- Husmo foto AS/Normanns kunstforlag: s.14 til høyre, s. 27
- Jostedalens breforlag: s. 18 og s. 20
- Monika Sjøe/Jens Gold: s. 40 øverst
- Jorn Hagen/Artphoto: s. 46
- Øystein Thorvaldsen: s.35 øverst
- Øvrige fotos: Nasjonalmuseet (J.Lathion, M.Thorkildsen, B.Høstland, K.Ø. Nerdrum og F. Bringager)